

Kjære Rotaryvenner,

Då er det straks duka for hausten sitt vakraste eventyr – Distriktskonferanse 2024 i Ulsteinvik! ☺







I dette høvet ønsker vi å gi litt praktisk informasjon til gjestane våre, slik at alle er innforstått med korleis vi ser for oss å lage gode og skreddarsydde rammer for konferansen.

Fredag 27.09.24

15:00-20:00: Registrering og utdeling av namneskilt, bongar og Rotary-capsar

19:00-21:30: Middag for inviterte gjestar og tilreisande konferansedeltakarar som har bestilt dette.

På namneskilta de får utdelt vil de finne fargekoder som viser kva de har bestilt og betalt for:

-  Betalt middag fredag: Oksegryte
-  Betalt middag fredag: Fiskesuppe
-  Deltaking bankett laurdag
-  Betalt lunsj søndag

I tillegg vil de finne eit tall som indikerer kva bord de skal sitte på under banketten på laurdagen.

Det vil vere høve til å rigge stand på Vennskapets Hus/Rotarytorget i lobbyen fram til klokka 21:00.

Det vil verte lotterisalg heile dagen med flotte premiar til inntekt for PolioPlus.

Laurdag 28.09.24

- 08:00 – 08:45 Registrering og utdeling av namneskilt, bongar og capsar
Vennskapets Hus/Rotary-torget opnar og vil vere ope i pauser fram til kl. 15:00
- 09:00 Opning av dagkonferansen i kultursalen Sjøborg
- 12:00-13:00 Lunsjpause. Her må de hugse å hente klede som høver til uteaktivitet (www.yr.no) og ta med utdelte capsar tilbake til kultursalen Sjøborg.
- 15:45 Avrunding av programmet inne. Vi kler oss om og går ut på kaia.
- 16:00 Seremoni og roing av Vikingskipet Embla. Frivillig donasjon til innsamlingsaksjon til Rotary sitt katastrofefond.
- 16:15-18:00 Walk & Talk. Vi tek ei runde på ymse postar i Ulsteinvik sentrum i inndelte grupper med historikk og diverse oppgåver å løyse. Det beste laget vil verte premierte under banketten! 😊
- 19:00 Aperitiff ved inngang til kultursal Sjøborg.
Finn plassane dykkar basert på nummer på namneskilt og bord!
- 19:20 Guvernørens bankett opnar. Antrekk: Mørk dress

Det vil verte lotterisalg heile dagen med flotte premiar til inntekt for PolioPlus.

Søndag 29.09.24

- 08:30 Opning av dagkonferansen i kultursalen Sjøborg
- 11:05-13:00 Partnerprogram
- Roing av vikingskipet Embla, som ligg rett utanfor hotellet
 - Besøk på kunstgalleriet Bjørndals Minne - kunstutstilling av Håvard Vikhagen
- 13:00 Lunsj for dei som har bestilt dette

Om de har spørsmål eller treng assistanse under konferansen, kan de kontakte denne blomsterbuketten med gule namneskilt:



Synnøve



Elisabeth



Turid



Hege



Monica



Ragnhild

Guvernøren sitt program vil bli lagt ut på nettsidene til Distrikt 2305 og Ulstein Rotaryklubb om ikkje lenge. Vi tenker berekraft og gjer merksam på at dette ikkje vil bli distribuert papirutgåver på konferansen, men ei synleg QR-lenke under registrering gjer det mogeleg å laste det ned på mobil. Om du har behov for ei papirutgåve, må du skrive ut det som kjem ut på nemnde nettsider.

[Avmelding frå konferansen med rett til refusjon stenger 20.09.24](#) knytt til forpliktande avtale med Quality Hotel Ulstein.

Vi gler oss til å møte dykk! 😊

Helsing,
Praktisk arrangementskomite, Ulstein Rotaryklubb